



Majo Eigedom AS
Magnus Helgesen
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1844 - 21/24592

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.04.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 102/131 Vabø


Tiltak: Oppføring av bustad
Byggjestad: Gbnr: 102/131
Tiltakshavar: Linda Mongstad Hindenes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.02.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding. Dette skuldast redusert kapasitet ved avdelinga.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan der
 - a) Mur/terrassert mur er teikna inn og avstand til nabogrense er ført på
 - b) avkøyrsla er teikna inn.
2. Teikningar over mur. Lengdesnitt og nødvendige tverrsnitt. Vedlagte prinsippskisse er ikkje tilstrekkeleg.
3. Søknad om avkøyringsløyve frå kommunal veg. Søknadsskjema finn de her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-frå-kommunal-veg/>
4. Takvinkel må gjevast opp.
5. Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett.
Det kan sjå ut som mur vil bli plassert nærare offentleg avløpsleidning enn 4 meter. Tiltak kan ikkje plasserast nærare offentleg leidningsnett enn 4 meter utan særskild løyve frå kommunen. Søknaden vil verta behandla av Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning.



Det skal etablerast fylling på naboeigedomen for å ta opp høgdeforskjellen i terrenget. Kommunen er av den oppfatning at tiltaket i sin heilskap må plasserast på eigen grunn og innanfor grensa for det regulerte arealet. Vi ber derfor at de vurderer å endra søknaden i tråd med dette.

Dersom de vil oppretthalda søknaden slik han ligg føre må erklæring frå eigar av gbnr 102/5 oppdaterast slik at den også omfattar etablering av fylling på denne eigedomen, og ikkje berre gjeld løyve til å etablere fylling med avstand 0 meter til nabogrensa.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Linda Mongstad Hindenes

Mykingvegen 1078

5957

MYKING

Kopi til:

Svein-André Hindenes

Mykingvegen 1078

5957

MYKING

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ